

# Purisme på færøysk

Av Helge Sandøy

Ei vanleg førestelling er at det færøyske språk-samfunnet er mest ei etterlikning av det island-ske. Dei prinsipielle likskapane finst, særleg når det gjeld språkrøktarbeidet. Men når det gjeld den generelle språksituasjonen på Island og på Færøyene, er forskjellen så stor at det kan vere vel så naturleg å samanlikne stoda for færøysk med stoda for nynorsk.

## Språkleg situasjon

### a) Talemålet

Det færøyske talemålet er svært oppblanda med lånord. Som norsk talemål er det, og dei fleste andre språk. Hovudmengda av lånord er lågtyske, som for ein stor del sikkert har kome gjennom dansk, både gjennom direkte kontakt med danskane og gjennom alt det færøyingane les og har lese på dansk. Det er tale om ord som har gått inn i språket og blitt behandla som heimlege ord i uttale og bøyning. Det vil seie at i talen kan gamle arveord og lånord komme i skjønn foreining. Dei som ikkje er språkvitarar eller ideologisk opptekne av språkreinsing, reflekterer vel ikkje noko over det. William B. Lockwood (1950:106) har sagt at alle ord som finst i dansk, også kan brukast i færøysk. Det har han nok rett i, men det er likevel ikkje heilt sant dersom ein skulle komme til å oppfatte det slik at desse orda er levande i færøysk. Danske ord vil ofte fungere som sitat-ord, slik som dei gjer hos oss òg, dvs. at dei skal gi tilhørarane visse tilleggsassosiasjonar. Men grensa mellom sitat-ord og normalord kan vere vanskeleg å setje.

Situasjonen i færøysk bør eg illustrere. Derfor sette eg meg til ein dag og lytta på Útvarp Føroya og hørte der på eit samtaleprogram. Etter 10-15 minutt hadde eg notert ned desse lånorda:

*útdannilsisforlop*

*fjernsýn* (jf. sjónvarp)

*spesiell* orsök

*fengslið* (jf. fongsul)

*beskeftiga* seg

Tað eru so nógv *forhold*, sum spæla inn *snakka*

Man hevur tað *ganska forferdilig*

Eg *fyristilli* mær at ...

Tey kundu komit til *eitt ella annað<sup>A</sup> arrangement*

*termustatarnir*

*økonomiavdeilingin*

konsernrøkniskapur

á sama *máta*

*produktir*

Tað eru stýrande *einheitir*, sum *regulera frekven* *sin*.

Vit skulu *innrapportera* til stýrið, og tað *inniber* *meira kontakt við teimum*.

Viss tú tonkti uppá *økonomarnar*, ...

Handilsmenn, sum *tjena meira pengar*, ...

Tað er bara munur á *mátanum*, sum *man* *arbeiðir uppá*.

Tað er *formuftigt* at gera tað uppá tann hátt, at ...

Og slik er det hos den vanlege språkbrukaren.

Språkstrukturelt er hovudretninga den at lånorda føyer seg etter færøysk grammatikk, også fonologisk. (Men det kan nemnast at færøysk har måtta godta to nye vokalfonem, nemleg lang *a* og lang *y*, f.eks. i *data* og *tyra*. Desse to lydane finst ikkje i arveord, for dei norrøne vokalane som tilsvarte dei, har teke andre retningar i lydutviklinga.)

### b) Skriftmålet

Lånorda er ikkje berre av ny dato. Alt Jens Christian Svabo registrerte ein del på 1780-talet, m.a. i ordboka si. Der finn ein *bekymra*, *bemøða* 'streve' og *behaga* 'behage'. Desse orda var så mange at Svabo ikkje såg det som realistisk å satse på å halde oppe færøysk språk.

<sup>A</sup> *Ein ella annar* er eit innlânt pronomen og svarer til det heimlege *onkur* (i inkjekjønn: *okkurt*).

Men da Hammershaimb skapte det færøyske skriftmålet midt på 1800-talet, var idealet om ein rein færøysk klart, og språkvitaren Jakob Jakobsen styrkte den målmedvetne språkrøkta på 1890-talet. Han ville utrydde f.eks. *begynnili* og få inn *upphav* i staden (Clausén 1978:28). Elles fekk bladet *Føringatíðindi* ein god del å seie i arbeidet med å innarbeide nye færøyske utbytingsord. Mye er hendt på dei vel 100 ára språket har vore i aktiv bruk, det er blitt gjennomført eit stort nyskapingarbeid.

Situasjonen i dag er at mange av dei moderne internasjonale lånorda i praksis er aksepterte i færøysk skriftmål. *Konsern* – som er nemnt ovafor – bryr få seg med å finne utbytingsord for. *Politikkur*, *telefon* er i praksis godtekne, nokon konkurrent har dei neppe i dag. Det er dei orda som ein ser er felles med dansk og tysk, som det er sterkast restriksjon mot i skriftmålet<sup>5</sup>, og her ser vi likskapen med den nynorske situasjonen. For ikkje lenge sia var det ein som protesterte i ei avis mot at det innarbeidde ordet *súgvirør* 'sugerør' blei bytt ut med *súgvipiþa*. Han såg berre éin grunn: Det tradisjonelle ordet likna for mye på det danske.

I faktisk skriven færøysk finn vi tekstar med svært ulike reinsingsgradar, frå dei gjennomarbeidde utan særleg fleire lånord enn dei vi òg kan finne i islandsk, til dei som nesten vitnar om ein demonstrasjon i inntak av lånorda frå talemålet. Det gjer at det kan vere ein viss avstand mellom offisiell god færøysk og det språket som blir brukt – i alle fall privat eller i lesarinnlegg i avisene. Sjølv i det faste stoffet i avisene ymsar det ein del.

Det er generelt ein stor avstand mellom skrift og tale. Somme ord som er stilistisk nøytrale i talen, og som er allemannsord, kan knapt brukast i skrift. Ord som *forstanda*, *forklára*, *behøva*, *begynna* er heilt vanlege i talen, men berre sjeldan ser ein dei i skrift. Det same gjeld pronomenet *man* og konjunksjonen *viss*. Stilnormene er dermed ulike for skrift og tale. Det kan illustrerast slik:

Felles for skrift og tale:	Berre talemål:
<i>byrja</i>	<i>begynna</i>
<i>skilja</i>	<i>forstanda</i>
<i>greiða frá</i>	<i>forklára</i>
<i>nýta</i>	<i>behøva</i>

Realiteten er eigentleg enda meir komplisert, for ein har a) ord (mest nylagingar) som berre finst i skrift, og som kan brukast i tale i formelle samanhengar, som f.eks. *atgongumerki* (= 'inngangsbillett'), b) nokre ord som er på veg inn i normal talestil, det gjeld f.eks. *ferðaseðil* (= 'reisebillett'), som ikkje lenger verkar komisk om det blir brukt i avslappa tale (jf. Thomsen 1993:618), og c) kvardagsord, f.eks. *billett*, som blir brukt for begge desse reine færøyske orda. Det siste ordet finn ein knapt nokon gong i skrift. På hi sida er eit lånord som matematikk heilt vanleg i skrift, mange færøyingar vil stusse over det færøyske utbytingsordet *støddfrøði*. Ordet *republikk* er òg akseptabelt i skrift, men det blir i skrift oftast bytt ut med det færøyske synonymet *tjóveldiði*. I den seinare tida har ein prøvd å innarbeide ei nyare nylaging: *ljóveldi*.

Det er klart at her ligg det mange leksikalske fallgruver for ein utlending som ønskjer å meistre stillaga i språksamfunnet. Vi kan bygge ut modellen slik det er vist i tabellen øvst på neste side:

Ein forstår av dette at puristiske ordbøker kan skape problem, for ikkje alt i dei er like gangbart i det praktiske liv. Ein utlending bør vere svært varsam, for han kan komme til å satse på ord som færøyingane ikkje kjenner att, fordi orda aldri har komme lenger enn til å vere framlegg. Dei er ikkje i faktisk bruk. Andre ord kan vere i bruk i skriftspråket, men ikkje i talemålet. Det er ikkje alltid ein utlending heller ønskjer å snakke som ei bok, eller markere seg som høgtidleg.

Dette problemet blei fokusert for ikkje lenge sia da Johnny Thomsen, som prøvde å lage ei russisk-færøysk ordbok, ønskte å ta med stilistiske opplysningar, dvs. *kva* omsette færøyske ord som var i bruk i talen, *kva* som berre var *skriftmålsord*, og *kva* som var nøytrale ord (Thomsen 1993). Han stilte opp seks stillag, og ikkje berre fire som ovafor. Redaksjonsprinsippa hans blei omstridde, og prosjektet er ikkje fullført.

Ein kan òg tale om purisme på andre felt enn ordforrådet: I morfologien prøver ein å motarbeide fleirtalsformene med -r i nøytrum (jf. *eplir* for *epli*). I syntaksen tek ein inn dei gamle norrøne genitivskonstruksjonane, der

<sup>5</sup> Men det finst også slike som er godkjende, f.eks. det tyske *arbeida*.

Litterært: Nøytralt i skrift:	<i>atgongumerki</i>		<i>støddfrøði</i>	<i>lýðveldi</i>
Felles for skrift og tale:		<i>ferðaseðil</i>		<i>tjóveldiði</i>
Berre talemål:	<i>billett</i>	<i>billett</i>	<i>matematikk</i>	<i>republikk</i>

genitivsleddet står etter kjernen: *Fróðskaparsetur Føroya* osv. Genitiven er egentleg daud i det færøyske talemålet; det finst berre «reliktar» att.

## Den språkpolitiske situasjonen

Det har aldri vore full opplutning om den politiske lausrivingslinja på Færøyaner. Denne politiske kløyvinga hadde lenge ein parallell på det språklege området. I alle fall har det vore sjølvstendemennene som sterkest har kjempa fram rettane åt det færøyske språket, dei har brukt det mest prinsippfast, og dei har også vore dei ivrigaste for ei puristisk linje, for nettopp å markere det sær færøyske i opposisjon til det danske. Også internt kunne denne politikken brukast som ei markering mot dei som ikkje var like ivrige.

Vi kan bruke språket i avisene til å illustrere dette. Den største avisa, *Dimmalætting*, er ei konservativ avis, ho støttar Sambandspartiet, som er for den politiske underordninga under Danmark. Ho var redigert på dansk fram til dei siste åra, og enda kring 1970 var det meste av stoffet på dansk. Artiklane som var skrivne på færøysk, kunne ofte innehalde mange vanlege lånord. Republikanarpartiet, eller *Tjóðveldisflokkurin* på færøysk, er eit sosialistisk parti og det som sterkest markerer lausrivingslinja. Avisa åt dette partiet, 14. september, brukte berre færøysk, og mest mogleg rein færøysk. Meir i sentrum finn vi arbeidarpartiavisa *Sosialurin* og andre partiaviser. Dei har brukt og bruker òg berre færøysk, men denne færøysken er mindre merkt av purisme, og desse avisene har ofte lasta 14. september for å vere for islandskinspirert.

I dag har avisa 14. september gått inn, og den konservative *Dimmalætting* er redigert på færøysk; også leiarartiklane er oftast på morsmålet. Dansken er blitt unntaket. Eg kan ikkje sjå det annleis enn at dette fortel om kor mye ster-

kare tak færøysk skriftspråk har fått i samfunnet den siste generasjonen. Bruksområdet er blitt større, og færøysk språk er blitt sjølvsgagt, også for dei konservative sambandsmennene.

Dette er ein ny språkpolitisk situasjon, og korleis det kan verke inn på språkklimaet heretter, kan bli spennande å sjå. Ein kunne tenkt seg at fleire no også ville leggje vekt på ikkje berre færøysk, men rein færøysk, ettersom språkspørsmålet ser ut til å vere skilt frå det politiske spørsmålet om samband med Danmark. Ein kunne faktisk tenkt seg at rein færøysk kunne tene som eit alibi for at ein var 'god færøying' sjølv om ein var sambandsmann. Men det nye politiske klimaet kan òg verke motsett ved at det nasjonale spørsmålet blir mindre kopla til språkspørsmålet, og at språkdiskusjonen dermed vil bli meir prega av andre motsetningar.

Tilløp til det siste ser vi, for kritikken mot den puristiske språkpolitikken har neppe minka. Den kritikken kjem ikkje lenger berre i tilfeldige lesarinnlegg i avisene, der det lenge er blitt klaga på kor vanskeleg det er å skrive morsmålet, at morsmålet er ei tvangstrøye, osv. Kritikken kjem òg frå faste avisskribentar, altså personar som tek del i den offentlege diskusjonen. Nytt er det at også høgt kvalifiserte språkvitarar legg seg ut i debatten imot det som blir oppfatta som «setursmål», dvs. det språket som somme hevdar er skapt av filologane på det færøyske akademiet eller universitetet, *Fróðskaparsetur Føroya*. Denne debatten er svært spennande, og han kan med tida påverke kursen i språkpolitikken. Det skal vi komme tilbake til nedafor.

## Det puristiske arbeidet

Språkpolitikken er i dag institusjonalisert gjennom ei offisiell språknemnd. Denne språknemnda har representasjon frå viktige etatar og organisasjonar, og alle medlemmene er stort sett einige i det tradisjonelle purismeidealet,

som vi kan seie er så strengt at det liknar meir det islandske idealet enn f.eks. det nynorske. Undervisningsinstansane formidlar mye av den praktiske målørkta, lærer opp studentane i kva som er god færøysk, og det idealet blir forplanta vidare ut i skoleverket. Ein annan svært viktig instans er radio og fjernsyn, som legg seg etter det same idealet om god færøysk, først og fremst i nyheitssendingane. Kyrkja har vore heilfærøysk ei tid. Alt dette gjer at språknormidealet når ut til folk, og det blir velkjent at det er der, også for dei som sjølv ikkje meistrar å følgje det. Det offentlege apparatet prøver også å følgje idealet, og det same gjer i praksis avisene. Om ikkje alle skribentar f.eks. i avisene er like lojale, er det allmenne inntrykket likevel at alle skriv mye «reinare» enn dei snakkar.

Det puristiske arbeidet har først og fremst vore eit ordboksarbeid. Den største færøyske ordboka, *Føroysk-donsk orðabók*, som kom første gongen i 1927–28 (Jacobsen & Matras), tek utgangspunkt i dei sær færøyske orda. Lånorda fekk litt plass i 1961-utgåva, men dei få som står der, er gjerne merkte med «talesproglig». Ein god del nylaga færøyske ord er tekne med, og når dei ikkje har grunnlag i talen, står det gjerne «litterært» bak dei.

Ei dansk-færøysk ordbok som kom første gong i 1967 (av Skarði 1967), er strengt puristisk, og ho har skapt ei mengd færøyske utbytingsord, slik at den som legg vekt på å skrive ein pur og rein færøysk, bør bruke den. Danske ord som forfattaren ikkje fann «reine» færøyske ord for, tok han ikkje med som oppslagsord. Desse to ordbøkene har i stor grad vore retningsgivande for kva som er god færøysk.<sup>6</sup> Ei færøysk-færøysk morsmålsordbok som no er i kjømda, vil nok enda tydelegare fungere som ei grensemarkering av aksepterte og ikkje-aksepterte ord.

Eg skal ikkje gå inn på dei ymse språkstrukturelle strategiane for å lage nyord. Det er eit fag for seg, og dette faget kan islendingane best av alle. (Jmfør elles innlegget åt Kjartan

Ottósson.) Slike strategiar prøver språkrøktarane i Tórshavn òg å bruke, og noko kan faktisk vi i Noreg òg lære av dei. Eg skal her avgrense meg til eitt perspektiv, nemleg 1) om ein lagar nyord for nye omgrep og altså fyller holrom i leksikonet, eller 2) om ein prøver å setje nyord i staden for etablerte lånord.

1) Ein del av dei færøyske utbytingsorda for nemningar på nye omgrep har vore vellykka, og dei har gått inn i allmennspråket. Mest kjent er vel ordet *telda* for datamaskin. Her er det tale om eit nytt omgrep som trong nytt namn, og da er folk truleg opnare for å bruke det ein kjenner som eit sær færøysk ord. Det engelske *computer* er ikkje eit sjølvstøtt ord som blir oppfatta som uttrykk for folkemålet og gruppeidentiteten. Det blir derfor i slike tilfelle ikkje ei spesiell tilgjersle å ta opp det nylaga færøyske ordet; begge alternativa er likevel nye. Ordet *telda* er òg eit vellykka ord i forma, for det er kort, og det gir assosiasjonar til verbet *telja*. Dessutan skal ein ikkje sjå bort frå at det var lurt å velje eit anna ord enn det islandske utbytingsordet *tölva*, for islandske lån er ikkje berre populære hos færøyingane. Å ape etter denne større broren irriterer. Ofte kan nok det vere utan grunn, for det som somme oppfattar som islandsk, kan ofte vere eit gammalt færøysk ord.

Orda *útvarp* og *sjónvarp* er inspirerte frå islandsk, men dei høver like godt inn i færøysk språk. Dei er blitt aksepterte, sjølv om *radio* og *fjernsyn* òg kan hørast. Her kan det bety noko at desse termene er blitt institusjonaliserte i namna *Útvarp Føroya* og *Sjónvarp Føroya*. Andre slike gloser som blir termar i offentleg språkbruk og administrasjon, vil nok òg lettare gli inn i allmennspråket, særleg når det er tale om nye institusjonar og nye administrative ordningar.

2) Vanskelegare er det å byte ut ord som alt er innarbeidde både i form og i innhald. Men her òg skjer det ei viss endring i språkbruken, for presset frå radio, aviser, lærebøker og lærarar verkar med tida inn, f.eks. på skole-

<sup>6</sup> Ei anna ordbok av Jógvan við Ánna: *Føroysk málspilla og málørkt* (1961–1971) er mest å sjå på som eit eksperiment i klasse med Knud Knudsens *Unorsk og Norsk eller Fremmedords Avløsning* (1881).

<sup>7</sup> Ein kollega påstår at kausbøying i personnamn òg er på veg inn att i språket åt dei yngre i Tórshavn; denne bøyinga har vore lite brukt ei tid i denne dialekten.

elevane.<sup>7</sup> Derfor er f.eks. adjektivet *ferdigur* no på veg ut or talemålet til fordel for det heilfærøyske *liðigur* (Clausén 1978:42). Men det vanlege mønsteret er at det nylaga ordet blir skriftord, og det tradisjonelle lånordet lever vidare i talemålet.

I ein artikkel i tidsskriftet *Málting* kritiserer Hjalmar Petersen færøysk purisme (Petersen 1995a). Han tek utgangspunkt i ei overskrift som inneheldt orda *tøkniligir atstøðingar*. Det første ordet, *tøkniligir*, svarer til talemålsordet *tekniskir*, og det er eit utbytingsord som har vore ein del i bruk i skrift, og er på den måten kjent. Men det andre ordet, *atstøðingar*, hadde den færøyske skribenten problem med å forstå. Det var eit nyord som skulle erstatte *assistentar*. Når ein først forstår kva det skal tyde, kan ein òg forstå logikken bak ordlaginga. Men det er ikkje opplagt i utgangspunktet. No er for så vidt ikkje dét noko særst med nye termar. Dei treng ikkje vere 100 % sjølvforklarande; dei kan vere gode nok ord for det. Det viktige i denne samanhengen er at ein god del språkbrukarar reagerer imot at det er så *mange* slike ord som skal komme i staden for ord som er innarbeidde for lang tid sia i språket, som altså *assistentar* i dette tilfellet. Artikkelforfattaren nemner fleire eksempel, f.eks. *ógegnigur* for *inhabilur* og *ljóðtak* for *mikrofon*.

Så lenge det ikkje er noko nytt innhald i orda, undrar mange språkbrukarar seg over korfor dei da ikkje kan få halde seg til dei orda dei er vane med. Det er i slike tilfelle at det blir ei plagsam motsetning mellom det som er det faktiske morsmålet, og det som er rekna som god og korrekt færøysk. Driv ein dette for langt, blir skriftmålet ei tvangstrøye, og ikkje ei forløyising. Få ser vel noko gale i at nylaga færøyske ord får feste seg i talemålet, men mange ser det slik at vinninga med det ofte er mindre enn kostnaden med å ha den store avstanden mellom skrift og tale.

Ulla Clausén har gjennomført ei lita undersøking av kor godt færøyingane forstår ord som er tekne i bruk i lærebøker, aviser og radio. Ein del av resultatata er nedslåande, for endatil orda *evnafrøði* for 'kjemi' og *bókmentir* for 'litteratur' er vanskelege å forstå for mange, jamvel om dei er vanlege i det skriftlege standardpråket. Radioen har gått over frå *tjóðveldi* til *lýðveldi* i tydinga

'republikk', med det er berre 1 av 5 hamnearbeidarar som forstår det nye ordet, og ingen skoleelevar i alderen 15-20 år, osv. (Clausén 1978: 38-39).

Da det blei laga ei lærebok i fysikk kring 1970, ei bok som heiter *Alisfrøði*, blei fagtermar så konsekvent omsette til *rein* færøysk at forfattaren saman med Jóhannes av Skarði gav ut ei ordliste til boka for å lette lesinga (Clausén 1978:37).

Hjalmar Petersen avsluttar den artikkelen eg har referert, litt polemisk med at eit fremmendord er jo egentleg eit ord ein ikkje forstår. Og da blir mange færøyske ord fremmendord. For mange slike gjer ikkje folk trygge på at dei meistrar sitt eige morsmål.

Språkholdningane er ikkje homogene blant færøyingane. Somme er aktive puristar i både tale og skrift. Og så har vi skalaen heilt over til dei som vil «modernisere» færøysken, som dei uttrykkjer det, og som ser berre fordelar i innlånet. Men ikkje nok med at holdningane sprikjer, ein skal òg merke seg at dei ulike holdningane kjem fram i det offentlege ordskiftet. Framståande kulturfolk kan vere ueinige i den offisielle språkpolitikken på Færøyane som i Noreg. På Island må du derimot bruke lupe for å finne variasjon i språkholdningane.

Det har i dag komme fram færøyske språkviatarar òg med avvikande syn, som f.eks. Hjalmar Petersen, som i den nemnde artikkelen diskuterer om ein ikkje skal skilje mellom ulike typar lånord og godta ein del av dei, dvs. å rekne dei som færøyske. Det gjeld f.eks. ord som er innarbeidde i talemålet overalt, og som ein må vere fagmann for å oppdage er lånord. Slike ord er f.eks. *mangla* og *smartur*. Av utsjånaden kunne dei godt vere arveord. Derimot kan ein behandle annleis ord som *beteinkilighet*, *bekvemmilighet* og *hopleysheit*.

Hjalmar Petersen gav hausten 1995 ut ei revidert utgåve av *Donsk-føroysk orðabók* der han legg heilt nye prinsipp til grunn for redigeringa (Petersen 1995b). Bak det danske oppslagsordet fører han opp først dei vanlege tilsvara i færøysk kvardagsspråk, dei meir sjeldsynte synonyma kjem lenger bak, og ord som ikkje kan reknast til levande mål lenger, kjem ikkje med. Det vil seie at f.eks. *leggja ástarhug á* no er utelate under det danske oppslagsordet

forelske sig i. Første færøyske tilsvaret er i denne utgåva *forelska seg í*. Etterpå kjem *fáa hug á* osv. (Hansen & Jacobsen 1995.) Eit anna prinsipp Petersen følgjer, er å skrive lånorda slik at dei høver inn i færøysk rettskriving, dvs. at f.eks. *teenager* blir skriva som *tineygjari*, *bacon* som *beykon* osv.

Denne ordboka opnar for ein heilt ny språkpolitikk, og det har komme mange og sterke reaksjonar imot i avisene, både saklege og usaklege. Jamvel om Petersen òg held ute ein del danismar, er dei orda han godtek, så mange at somme synest dette er ein oppgivingsspolitikk. Det er eit sterkt brott med tidlegare verdiar i språkpolitikken. Den saklege essensen i kritikken kjem kanskje best fram i metaforen språkvitaren og ordboksredaktøren Jóhan Hendrik W. Poulsen bruker: Han ønskjer ikkje at språket skal vere ein 'sjølvbeteningsdisk' (*Dimmalætting* 5.1.96). Med redaksjonsprinsippa i den nye ordboka gir ein ifrå seg mye av styringa over språket. Poulsen ønskjer sjølv å markere tydeleg kva som er godt språk, for det er både mogleg og ønskeleg å styre språkutviklinga. Men han fortel at også den morsmålsordboka som han redigerer, og som skal komme i 1996, vil ta inn ein del lånord som no er rotfesta i færøysk talemål.

Fróðskaparfelag Føroya (dvs. det færøyske vitenskapsselskapet) er forlaget for den nye dansk-færøyske ordboka, og det har måtta tole hard kritikk. Nestformannen, Eyðun Andreassen, understrekar i avisa *Sosialurin* (6.1.96) at ein målet med ordboka er å gi språkbrukarane fleire språklege alternativ. Det er ikkje meininga å stoppe nyordlaginga i færøysk, men ettersom ein mye større del av folket i dag bruker skriftmålet og på stadig fleire samfunnsområde, nyttar det ikkje å vere like puristisk som for nokre generasjonar sia. Språkbrukarane må få val, og dei må få kunne bruke kvar-dagsorda dei kjenner.

Usemja i færøysk språkpolitikk kjem nett no klårare fram enn nokon gong før. Det er nok råd å sjå likskapar i den politiske argumentasjonen på dei to sidene, med det er ein stor gradsforskjell i dei språklege konsekvensane.

## Konklusjon

Det er mange grunnar til å drive språkrøkt og språkreinsing. Språkleg sett finst det gode grunnar for å hjelpe til med å styrkje den grammatiske og fonologiske fastleiken i eit språk.

Men viktigare enn den språklege grunnvinga er den politiske. «Maale e te fyr oss, aa inkje me fyr maale,» sa Olaus Fjørtoft. Skal vi grunne på djupna i denne utsegna, skal vi ikkje sjå bort frå at den nasjonale reisinga som har kjempa fram og dyrka det sær færøyske, har vore til fordel for dei færøyske språkbrukarane, fordi større nasjonalt sjølvstyre har vore eit middel til å redusere elitekulturen og å skape eit sterkare demokrati. Sjølv om vi meiner at nasjonale eigenskapar ikkje er anna enn innbiling og fordommar, har det å få markert autonomi gitt folket sterkare sjølvkjensle. Det vil seie at kampen har fått ein sosial verknad, og dei sosiale verdiane er primære for menneska. Eg tvilar ikkje på at denne sjølvkjensla har forløyst store kulturkrefter i folket. Det positive i purismen ligg i at han kan vere med på å understreke at det heimlege og folkelege har verdi; folk har ikkje trunge å kjenne seg små og av den grunn ape etter andre. Språket er noko me skaper, og språket tener ein politikk.

Men det er to kritiske spørsmål som ein må kunne reise: 1) Er det allmenn oppslutning om denne politikken, eller er det berre eit mindretal som driv han fram ved at dei allereie dominerer? 2) Skaper folket seg ei ny tvangstrøye, dvs. lagar dei seg sjølv ein ny undertrykkjar ved at dei gjer vegen frå tale til skrift vanskeleg? Begge dei to kritiske spørsmåla kan samlast i dette eine: Fører purismen også til *ein elitistisk kultur*? Gjer han det, tener han ikkje demokratiet lenger.

Det er desse problema som ligg under den færøyske språkdebatten. Språkrøkt er ein vanskeleg balansekunst.

## Litteratur

Clausén, Ulla 1978. *Nyord i färöiskan.*

*Ett bidrag till belysning av språksituationen på Färöarna.* Stockholm.

Hansen, Zakaris & Jógvan í Lon Jacobsen 1995. Nýggja danska-føroysk orðabókin. I: *Málting* 15 s. 14–21.

Jacobsen, M.A. & Chr. Matras 1927–28. *Føroysk-donsk orðabók.* Torshavn.

Lockwood, William B. 1950. Notes on the Faroese Language To-day. I: *Transactions of the Philological Society.*

Petersen, Hjalmar 1995a. Innlænt orð í føroyskum. I: *Málting* 13 s. 2–8.

Petersen, Hjalmar 1995b. *Donsk-føroysk orðabók.* Torshavn.

av Skarði, Jóhannes 1967. *Donsk-føroysk orðabók.* Torshavn.

Thomsen, Johnny 1993. Problems of Faroese lexicography. I: J. Lous-Jensen & J.H.W. Poulsen: *The Nordic Languages and Modern Linguistics* 7 s. 615–624. Torshavn.

# Purisme på norsk?

Norsk språkråd  
Oslo 1997

---